Per Ketil Omholt
FMAA, leiar
pko@fmaa.no

Lars Arne Bay
sekretær
lars.arne.bay@hotmail.no

Til styringsgruppa for Villreinprosjekt i Setesdal Ryfylke 2013-17
v/ medlemmene + varamedlemmer, Miljødirektoratet, faglig leder og prosjektsekretariat

*Rapportering 03. november 2013*

# RAPPORTERING FRA ARBEIDSGRUPPE 1 TIL STYRINGSGRUPPA FOR VILLREINPROSJEKT I SETESDAL-RYFYLKE 2013-17

## Arbeidsgruppas sammensetting

| | | |
|---|---|---|
| Bykle kommune | Sigrid Bjørgum | sigrid.bjorgum@bykle.kommune.no |
| Suldal kommune | Torkel Myklebust | torkel.myklebust@suldal.kommune.no |
| Villreinlaget | Sondov Bjåen | sondov.bjaaen@istorm.no |
| Villreinlaget | Olaf Vestersjø | olaf@ryfylkenett.no |
| Villreinlaget og Fjellstyre | Jan Dagfinn Dalen | jan.d.dalen@istorm.no |
| Aust-Agder FK | Hans Fløystad | hans.floystad@austagderfk.no |
| FM Aust-Agder | Per Ketil Omholt | pko@fmaa.no |
| Villreinnemnda | Kay Jeiskelid | kay.jeiskelid@istorm.no |
| Verneområdeforvaltarane | Alf Odden | alf.odden@svr.no |
| SNO | Peter Hermansen | peter.hermansen@dirnat.no |
| SNO | Reidar Sandal | reidar.sandal@dirnat.no |
| Statkraft, Region vest-Norge | Kåre Paulsen | kare.paulsen@statkraft.no |
| Stavanger Turistforening | Kjell Helle Olsen | kjell.helle.olsen@lyse.net |
| Grunneigar | Anna Tveiten | anna.tveiten@gmail.com |
| Innleigd ressursperson | Lars Arne Bay | lars.arne.bay@hotmail.no |

Per Ketil Omholt leiar arbeidsgruppa. Lars Arne Bay har sekretæransvaret.

Deltaking: Torkel Myklebust og Kay Jeiskelid deltok ikkje på møtet 13. juni. Torkel Myklebust, Reidar Sandal, Kåre Paulsen, Sondov Bjåen, anna Tveiten, Jan Dagfinn Dalen og Hans Fløystad deltok ikkje på møtet 2. september.

**Arbeidsgruppas mandat**
Prosjektets mandat er å utprøve og fremme tiltak som øker villreinens bruk av Setesdal Ryfylke. Dette er i referat fra prosjektmøte 20. mars utdypet i 4 hovedtemaer:

1. Bestandsforvaltning og økt tetthet av villrein i sørområdet
2. Hvordan øke trekkaktiviteten nord-sør og øst-vest
3. Betydningen av veiene Brokke-Suleskard og mellom SR og naboområdene
4. Ferdsel i Setesdal Ryfylke, konflikt med villrein og avbøtende tiltak

Arbeidsgruppe 1 har fått ansvar for pkt. 2 og pkt. 4:
Gruppa skal ikkje vedta eller setta i verk tiltak. Vårt mandat er å skaffa kunnskap som grunnlag for vedtak. Fokusområdet er i utgangspunktet området frå Store Urevatn til sør for Svartevassmagasinet.

## Arbeidsgruppas aktivitet og plan for videre framdrift

Arbeidsgruppa hadde møte i Valle 13. juni og 2. september. Sjølstendige referater fra møtene er oversendt prosjektleiar og leiar for styringsgruppa.

Arbeidsgruppa tar sikte på et møte i april 2014 samme tid og stad som årsmøte i villreinlag/villreinnemd.

Med bakgrunn i dette blir videre framdrift foreslått:
Har vi nok kunnskap til å foreslå tiltak?
Er det behov for meir datainnsamling?.

## Arbeidsgruppa sine konklusjonar/anbefalingar

Mandatet for arbeidet vidare er todelt:

1. Kva treng vi av registreringar. Vi må ha ein status som viser kva vi veit og kva vi treng av tilleggskunnskap
2. Kva tiltak kan vera aktuelle ut frå den kunnskapen vi har. Tiltak skal iverksettast med bakgrunn i dokumentert kunnskap

<u>Kva har vi gjort fram til no.</u>

Arbeidet har vert konsentrert om tre fokusområder:

1. Aktivitet med utgangspunkt frå anleggsvegane til Svartevatn, Blåsjø og Store Urevatn
2. Aktivitet ut frå Svartevassmagasinet. Kva er aktiviteten i den perioden adkomst er vanskeleggjort grunna arbeid ved dammen (2 år fram i tid), og kva var aktiviteten før dette, og etter at anleggsdrifta er ferdigstilt.
3. Er det mogeleg å kartlegga aktivitet med utgangspunkt i hyttekonsentrasjonarsom ligg opp mot høgfjellet? Og kva fører denne aktiviteten til?

Det vart vedtatt å montera trafikktellar på vegen til Store Urevatn. Sein levering har ført til at dette først vert gjennomført i 2014.

Arbeidet er i gang med å få oversikt over aktivitetar nevnt i dei tre punkta over.

<u>Status for merka dyr:</u>
Det vart merka 7 bukkar og 2 simler sist vinter. 2 bukkar vest for Blåsjø, 1 bukk aust for Blåsjø, 3 bukkar sør for Brokke-Suleskardvegen og 1 nord for vegen. I tillegg 2 simler; ei i sør og ei i nord.
Det var brei semje om at det bør prioriteras vidare merking av dyr. Dette gjeld både simler og bukkar. Vi treng merka simler i nordområdet for bedre å fanga opp det som skjer rundt vegen til Store Urevatn. Dette ser vi i sammenheng med at vi får trafikktelling her i 2014.

<u>Treng vi fleire registreringar?</u>
Dersom det er tilgang til fleire trafikktellarar vart det konkludert med at ein tellar på vegen langs Blåsjø til Storvassdammen (mellom Beinlei og Storvassdammen) bør prioriterast. Dette for å kartlegga omfanget av syklar og gåande på denne vegen som er bomma. Biltrafikken er det Statkraft, Statnett og SNO som står for, og den får vi oversikt over.

Det er stor trafikk av turistar på vegen frå Oddatjørn til Førrevassdammen (bil og buss). I forhold til villrein er det trafikken vidare til Gilavatn som kan vera eit problem. Her er det kun fotturistar. Dersom

det er ledige tellarar bør vegen mot Gilavatn prioriterast. Dersom det er ledige tellarar hadde det vore bra å få tall for trafikken til Førrevassdammen også. Grunnen er at dette i så fall vil gi eit bilde av den situasjonen som det vil bli mot Storvassdammen dersom regelverket for vegen blir endra og bommen ved Beinlei fjerna.

Trafikken på vegen frå Oddatjørn mot Skreivasskleivane har områdeforvaltaren i Suldal god konroll på, slik at her vurderer vi behovet for tellar lite.

Vegen til Svartevassmagasienet er open fram til Godfardalen pga. anleggsdrifta. Men all tilgang til båtutsetting på magasinet er stengt av samme årsak.

Innsamling av data for ulike aktivitetar
Det skal lagas statistikk for overnattingar på hyttene i området (Stavanger turistforening, Statskog og Bykle- og Hjelmeland Fjellstyre) som viser aktivitet til ulike årstider.
Det skal vera med tall tilbake i tid. Aktiviteten på magasina skal ein også forsøka å få tall for (Svartevassmagasinet, Blåsjø og Store Urevatn).

Har vi grunnlag for å iverksetta tiltak?
Diskusjonen var konsentrert om flaskehalsen i sørenden av Blåsjø, og eit evt. behov for freding inn mot flaskehalsen.
Det mest sårbare området er frå utfallsosen av Ytre Storvatn og austover til Sandvatn, og vidare nordover i austenden av Sandvasshorten. Ein ukontrollert jaktaktivitet (reins- og rypejakt) her kan fort hindra dyr og trekka vidare nordover på begge sider av Blåsjø. Den aktiviteten som er mest uheldig er når Svartevassmagasinet er så høgt at ein kan gå med båt inn i Ytre Storvatn. Då vil det opna for aktivitet i den trangaste delen av flaskehalsen.

Ideelt sett bør det ikkje vera båttrafikk lenger enn til Litle Auradalen, slik at kanalen vidare nordover får liggja i fred.

Før tiltak blir iverksatt bør ein ha tall for aktivitet slik at ein kan vurdera om denne aktiviteten overstig det som blir vurdert som problematisk terskelverdi.
Då er det også lettare å vurdera evt. tiltak med basis i innsamla kunnskap.

Bjørg Hellem
VAFK, leiar
bjorg.hellem@vaf.no

Lars Arne Bay
sekretær
lars.arne.bay@hotmail.no

Til styringsgruppa for Villreinprosjekt i Setesdal Ryfylke 2013-17
v/ medlemmene + varamedlemmer, Miljødirektoratet, faglig leder og prosjektsekretariat

*Rapportering 03. november 2013*

## RAPPORTERING FRA ARBEIDSGRUPPE 2 TIL STYRINGSGRUPPA FOR VILLREINPROSJEKT I SETESDAL-RYFYLKE 2013-17

### Arbeidsgruppas sammensetting

Bjørg Hellem (Vest-Agder Fylkeskommune, leiar), Knut Nomeland (Setesdal Ryfylke villreinlag), Arne Heggland (Statens Vegvesen Sør), Arild Stene (Lyse Produksjon AS), Tarjei Haugen (Områdeforvaltar SR), Bjørn Brantzæg (DNT-Sør), Helge Tonstad (Villreinnemnda, Sirdal kommune), Torleif Harstad (Valle kommune), Jonny Liland (Sirdal kommune), Lars Arne Bay.
Bjørg Hellem leiar arbeidsgruppa. Lars Arne Bay har sekretæransvaret.

Deltaking: Jonny Liland deltok ikkje på møtet 5. juni. Tarjei Haugen og Jonny Liland deltok ikke på møtet 16. september.

### Arbeidsgruppas mandat

Prosjektets mandat er å utprøve og fremme tiltak som øker villreinens bruk av Setesdal Ryfylke. Dette er i referat fra prosjektmøte 20. mars utdypet i 4 hovedtemaer:

5. Bestandsforvaltning og økt tetthet av villrein i sørområdet
6. Hvordan øke trekkaktiviteten nord-sør og øst-vest
7. Betydningen av veiene Brokke-Suleskard og mellom SR og naboområdene
8. Ferdsel i Setesdal Ryfylke, konflikt med villrein og avbøtende tiltak

Arbeidsgruppe 2 har fått følgende mandat:
Utrede betydningen av veiene Brokke-Suleskard og mellom SR og naboområdene.

### Arbeidsgruppas aktivitet og plan for videre framdrift

Arbeidsgruppa hadde møte i Kristiansand 5. juni og et telefonmøte 16. september. Sjølstendige referater fra møtene er oversendt prosjektleder og leder for styringsgruppa.

Arbeidsgruppa tar sikte på et møte medio desember der innsamla data blir gjennomgått og diskutert.

Med bakgrunn i dette blir videre framdrift foreslått:
Har vi nok kunnskap til å foreslå tiltak?
Er det behov for meir datainnsamling?.

### Arbeidsgruppa sine konklusjonar/anbefalingar

<u>Geografisk avgrensing</u>

Arbeidsruppa har definert mandatet sitt knytta til problematikk rundt Brokke-Suleskardvegen. Den geografiske avgrensinga er frå Austmannskardet i vest til vestenden av Kvislevatn i aust. I nord må

grensa gå slik at aktivitet ved Juvatn og Svartenuthytta vert med. I sør vert grensa langs linja frå Kvinen til Gaukhei.

Mandatet for arbeidet vidare er todelt:

3. Kva treng vi av registreringar. Vi må ha ein status som viser kva vi veit og kva vi treng av tilleggskunnskap
4. Kva tiltak kan vera aktuelle ut frå den kunnskapen vi har. Tiltak skal iverksettast med bakgrunn i dokumentert kunnskap

<u>Kva har vi gjort fram til no.</u>

1. <u>Trafikktellar.</u>

Det er eit tellepunkt på vegen ved Vestre Flogvatn. Statens Vegvesen har tilsyn og kontroll av tellaren. Dei bearbeider også innkomne data, som så vert vidaresendt arbeidsgruppa og NINA.

Registreringa bør vera over meir enn eit år. Forslag til registrering ; første året og tredje året.

2. <u>Tellarar for å registrera fotferdsle</u>

Det er utplassert 4 tellararfor å få eit så godt bilde som råd av fotferdsle med utgangspunkt frå Brokke-Suleskardvegen. Utplassering og tilsyn er gjort av SNO og NINA.

3. <u>Registreringsskjema utplassert på Øyuvsbu</u>

NINA har oversendt eit registreringsskjema for å kartlegga fotferdsle ut frå ei sentralt plassert turisthytte; Øyuvsbu. Turisthytta ligg i eit område med viktige villreintrekk både aust og vest for hytta. Vi antar at hytta er eit viktig utgangspunkt for fotferdsle/friluftsliv i samme områda. Arbeidet er i samarbeid med DNT-Sør. Innsamla data blir samla og vurdert av NINA.

4. <u>Parkering langs vegen / kanalisering</u>

Er det ei utfordring med tilfeldig parkering langs vegen? Møteplassar og vegskulder vert nytta. Utfordringen er truleg knytta til nokre helger i fellesferien og i moltetida.

Det er gjennomført registrering i den perioden dette er mest utbreidd for å få bedre grunnlag for å vurdera om dette er eit vesentleg problem.

5. Statistikk for overnattingar, jakt mm.

Det er samla inn statistikk som viser overnattingar i området, og fellingstall nord og sør for vegen. Vidare er det samla inn historiske data for å få eit bilde av korleis villreinen har brukt området.

Innsamling av data framover.

Merking av dyr
Arbeidsgruppa er samstemt om at vidare merking må ha 1. prioritet. Dette gjeld særleg for områder med lite dyr der målet er at dette skal bedras.

Kan vi få meir informasjon om dyr gjennom andre kanalar enn GPS-sendarar?
Informasjon om observerte dyr fra både jegrar og sauasankarar kan samlas inn. Dette er noe vi bør legga til rette for i 2014.

Kartlegging av scootertrafikk
Nye reglar tillet øvingskjøring for leitemannskap mm. Tillatelse blir gitt av politiet. Blir dette loggført slik regelverket er for øvrig aktivitet? Dersom ikkje så må det tas kontakt med politi/lensmannskontor slik at dette også blir loggført.

Kartlegging av ferdsel om vinteren langs oppkjørte spor og langs merka løyper
Ved å merke løyper og preparere skispor får ein kanalisert ferdselen til 80-95% av turfolket. Det blir kjørt opp preparerte skispor inn i områder brukt av villrein. Bør vi satsa på å få tall for denne aktiviteten? Dette er gjort på Hovden tidlegare iflg. SNO.
Målet må vera å få ein status for aktiviteten.

Konklusjon: Vi henvender oss til kommunane og får eit kart som viser kvar det er merka løyper og preparerte skispor i området Sirdal, Valle, Bygland, Kvinesdal, Åseral og Hægebostad. Vi ber også om opplysningar om når og kor ofte skisporene vert kjørt opp.

Turistforeningen opplyser at det er ok å ha kartleggingsskjemaene ut på hyttene også vinterstid. Vi kjem tilbake mhp stad og aktuell tidsperiode.

Utarbeiding av Sti- og Løypeplan i kommunane
I Heiplanen er det forutsatt at kommunane skal lage sti- og løypeplaner. Det må vera ei målsetting at kommunane får utarbeidd slike planar raskaest mulig for å unngå at ein legg til rette for aktivitet der dette bør unngås.

Fellingsresultat
Det er viktig at det blir samla inn statistikk for felling slik at dette kan sammenliknast med tidlegare statistikk.
Bør vurdere å innføre skjemaet SETT VILLREIN, tilsvarende SETT ELG. For å få kunnskap om kvar villreinen er i tillegg til de merka dyra.

Har vi nok registreringar?
Dette må arbeidsgruppa ta stilling til i neste møte når innsamla data er gjort tilgjengeleg. Nye registreringar må i så fall vera klare til neste sesong.
Då er det også lettare å vurdera evt. tiltak med basis i innsamla kunnskap.

| | | |
|---|---|---|
| Tor Punsvik | Svein Olav Stegarud | Kristian Steine |
| FMVA, sekretær | SRV, sekretær | SRV, leder |

## RAPPORTERING FRA ARBEIDSGRUPPE 3 TIL STYRINGSGRUPPA FOR VILLREINPROSJEKT I SETESDAL-RYFYLKE 2013-17

### Arbeidsgruppas sammensetning

Kristian Steine (Setesdal Ryfylke Villreinlag, leder), Tor Punsvik (Fylkesmannen i Vest-Agder, miljøvernavdelingen), Jon Erling Skåtan (Statens Naturoppsyn), Kristian Eiken Olsen (Statskog), Arve Aasemoen (Setesdal Ryfylke villreinlag, Sirdal), Torbjørn Fjermestad (Villreinnemnda for Setesdalsområdet), Inge Olav Fjalestad (Bygland kommune), Audun Rossevatn (Villreinnemnda), og Svein Olav Stegarud (Setesdal Ryfylke villreinlag, sekr.), Per Øyvind Grimsby (Sira Kvina Kraftselskap), Johnny Liland (Sirdal kommune). Olav Strand fra NINA deltok på første møte i arbeidsgruppa. Svein Olav Stegarud og Tor Punsvik deler et sekretæransvar.

### Status for arbeidsgruppas utfordringer ved start

Villreinområdet er svært fragmentert, dels fra naturens side men kraftig forsterket av kraftmagasiner og veier. Etter reduksjonsnedskyting på slutten av 1990-tallet har bestanden i sør og vest vært lav, og dyra bruker i liten grad randområdene. Dyr som søker seg ut mot randområdene lever farlig under jakt og det er derfor vanskelig å bevare nye potensielle tradisjonsbærere. Et felles minsteareal for Setesdal Ryfylke gjør det vanskelig å differensiere forvaltningen nord og sør for Blåsjø.

### Arbeidsgruppas mandat

Utrede tiltak for å øke villreinens bruk av områdene sør og vest for Blåsjømagasinet, og bidra til at aktuelle tiltak for å nå prosjektformålet innarbeides i den bestandsplan for perioden 2014-2018. Setesdal Ryfylke villreinlag skal utarbeide og framlegge bestandsplanen for godkjenning i Villreinnemnda for Setesdalsområdet ettervinteren 2014. Foreslå tiltak som øker sjansen for at rein etablerer seg tettere i randområdene.

### Arbeidsgruppas aktivitet

Møte i Valle 14. juni og Åseral 3. september. Arrangering av åpent folkemøte i Åseral 3. september.

### Arbeidsgruppas konklusjoner/anbefalinger

1550 dyr i sør og 2000 dyr i nord. Mulighet for differensierte minsteareal. Fokus på hva som er igjen etter jakt, ikke statisk på uttak. 25 % storbukk. Bruk av samjaktavtaler. Supplere kalvetellinger med helikopter i juli og strukturtelling i oktober med å forsøke flytelling på ettervinteren på fersk sporsnø.

### Arbeidsgruppas ambisjoner framover

Møtet i Bykle i november blir trolig siste anledning til å gi innspill til bestandsplanarbeidet fra arbeidsgruppas side. På nyåret vil Setesdal Ryfylke villreinlag utarbeide og ha intern høring på utkast til bestandsplan.